

Vidar Lehmann
Søreidtræet 22,
5251 Søreidgrend
Tel 4114 0933

Kulturkontoret
Lindås kommune
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
3 03. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Bergen/Ostereidet 26/2 2014

Med dette ønskjer eg å gje informasjon om eit bokarbeid som pågår, og som eg vonar skal vera klar-gjort for trykking innan eit år.

Boka har ikkje fått endeleg tittel, men ein arbeidstitel så langt er : *Ostereidet, grend og grannelag*. Utan å vera historikar av fag, har eg som mål å teikna eit bilete av saga og sogene om Ostereidet og nærområda: Askvik, Eidetræet, Heltveit og Storsæter, med mindre streiftog innom Bjørsvik og ut til Totland. Nokre meir ålmenne tidsglimt kjem med, pluss nokre segn og anekdotar.

Grunnane til denne avgrensinga er at i dette området er eg rimeleg bra kjend. I tillegg har eg ei god tid hatt interesse for grenda si søge og har samla ein del data, mellom anna frå heradstyrereferat i Hosanger kommune, og lånt dagbøker, laga notat frå samtalar med eldre folk og revidert og komplettert aktuelle stadnamnregister som far min, Eigil Lehmann, samla i 1974. Undervegs har eg òg lånt, samla og digitalisert over tre hundre eldre og nyare foto. Berre eit utval av desse kan koma på trykk. Tanken er å føra boka fram til midten av 1960-talet, med stuttare samandrag av det som kjem seinare.

Ein annan grunn til å laga boka er at den indre delen av Lindås kommune ikkje har fullt så god bokleg-historisk dekning som ytre del. I den nyutkomne og elles innhaldsrike bygdeboka for Osterøy kommune finn ein dessutan påtakeleg lite om nordsida av fjorden, trass i at denne frå 1838 til 1963 var ein levande og fullt integrert del av dåverande Hosanger kommune, og at folk tvers over fjorden hadde nære og viktige samfunksjonar i ein hendingsrik overgangsperiode frå gamal til moderne tid.

I vedlegg 1 står eit oversyn over kapitla. Dei i *kursiv* er enno ikkje ferdigskrivne, og kan oppfatast som minneliste. Under den vidare redigeringa kan det godt koma til fleire endringar. Kva vidare utforming og opplag boka skal få er enno ikkje avgjort, men eg vonar å få med ein god del foto.

Som vedlegg bak i boka ønskjer eg å ha med eit samla oversyn av stadnamna på dei gardane det her gjeld, og kart med skjønnsamt utval av dei mest aktuelle namna. Mange av dei er ikkje lenger kjende.

Vidare vil eg gjerne ha med som vedlegg det vesle oppatt-trykte heftet «Saa Maata», skrive av ei dansk kvinne som budde i Osterfjorden i førstninga av 1700-talet. Innhaldet gjeld ikkje spesielt Ostereidet, men gjev eit einestående innsyn i liv og skikkar i «Nordre Osterfjord» for 300 år sidan.

Prosjektet er nyleg og uforpliktande drøfta med forlagsdirektør Jo Gjerstad i Bodoni Forlag i Bergen. Han har uttrykt interesse og står gjerne som referanse.

Grunnen til at eg alt no informerer om prosjektet er at det for neste år kan verta aktuelt å søkja Lindås kommune om eit monaleg tilskot til trykking og utgjeving. Eg vil òg oppsøkja andre kjelder. Skulle det i mellomtida vera interesse for kontakt eller meir informasjon, står eg til disposisjon. Likeeins er eg takksam for ei førebels tilbakemelding slik kommunen måtte finna det høveleg.

Venleg helsing


Vidar Lehmann

Vedlegg:

1. Oversyn over boka sine kapitler
2. Liste over relevant litteratur

Vedlegg 1 «Ostereidet, grend og grannelag»
Kapitelloversyn (kursiv: ikkje ferdiskrivne
kapittel)

Samandrag

Innleiing

Namnet Ostereidet

Naturtilhøve

Dei første menneska

Første busetjinga

Tilhøve til historiske periodar

Seinare busetjing

Først seter, så gard (om Storsæter)

Tidlege skriftlege kjelder

Folketalet aukar

«-- thi disse Folckis Sedvane er tvers og
contra i alle thing» (Or heftet «Saa Maata»)

Stadnamn (ålmennt, vedlegg bak i boka)

Tingstaden Ostereidet. Gløtt frå tingboka for

Nordhordland i siste halvta av 1600-talet

Soger og segn

Mordet på Indre Eide

Kven var Tuske-Anna?

Sibylla som hadde det å travelt

Andre soger

Røykstovene si tid renn ut

Husmenn, strandsitjarar, omgangskulelærarar
og anna småfolk

Bygdetuna går i oppløysing

Folket i den fråflytta Dyrsvika

Frå skipreier til kommunar og frå amt til fylke

Hosangertida 1838-1964:

Varsame steg mot større samfunnsansvar

Gamle vegar og ny kai

Attenhundretalet sitt fatigstell

Helse og sjukdom

Posttenesta

Dar kjem Dampen (rutebåtferdsla)

Handel og vandel i kaiområdet, grenda sitt nye
sentrum

Bygdevegane kjem

Nye generasjonar finn nye utvegar (flytting
og utvandring)

Kvardagslivet for dei som vart att:

Nye landbruksmetodar

Tømmer, ved og snikring

Laks, sild og skjel

Fraktefarten

Planteskular

Sølvrevperioden

Verkstaden i Askvik

Heimeliv, lagsarbeid og lokalmiljø

Særmerkte menneske

Straum, telefon og rutebilar

Harde trettiår

Krig (april dagane 1940, krigstida og
slutten, inkludert lokal Bjørn Westinnsats)

Fred og trivnad

Endingar i landbruk og yrkesliv

Kvinnene får utearbeid

Atomkraftkonflikten

Hosangertida går mot slutten

Nye utsikter

Tankar om gamal og ny tid

Sluttord

U

Vedlegg 2 til «Ostereidet, grend og grannelag»
Nokre aktuelle publikasjonar

Alvær, Brynjulf:	«Saa Maata» s. 8-60)i «Frå Fjon tik Fusa», Nord- og Midthordland sogelag si årbok 1972 red. Conrad Clausen
Bjørge, Nils:	Slekta vår
Christensen, Arne L.:	Fabrikken og garden Ei strilesoge
Ibid:	Sidl og pote. Daglegliv i ei strilebygd slik folk minnes
Eide, Asbjørn (red):	Slektsbok
Eknes, Askild:	Ættebok for Hosanger
Forlaget norske gardsbruk:	Norske gardsbruk, Midt- og Nordhordland II 1964
Fosse, Halvard:	Det var her det skjedde
Haga, Arnfinn :	Jernring rundt Bjørn West
Hagesæther, Harald	Indre Nordhordland Dampbåtlag L/L 1891-1971.
Heltvedt, Iver (rekne- skapsfører)	Ligningsprotokoll m/ huslægd 1870-1887 for Hosanger kommune (nyleg funnen i heimen til I.H. sine etterkomarar).
Hole, Ivar:	Hosanger kyrkje gjennom 200 år
Hovland, Terje B.:	Nordhordland i romertid og tidleg folkevandringstid
Kleiveland, Geir:	Bygdebok for Osterøy
Lindås sogelag:	Mimra, diverse årgangar
Nielsen, Thomas	Bak de tyske linjer
Nordisk Institutt:	
/Universitetet i Bergen:	Diverse utskrifter vedr. skatt i Sunnhordland len futedøme
Odéen, Jon:	D/S Oster Dampen som ikkje ville døy.
Osterøy museum:	Møtebøker for heradstyre og formnnskap i Hosanger kommune
Sandvin, Berit:	Elling og Anna og etterkomarane deira
Skre, Rolv R.:	Bjørn West i aktiv innsats
Storaas, Reidar:	Kraft til bygdene. Soga om Herlandsfossen
Tungodden, Bernt og	
Fjelde Vikan, Eli:	Farne Tider bind II
Åsheim, Håkon (red)	
/Statsarkivet Bergen	Tingbøker for Nordhordland (på CD, omskrivne til normalskrift)
Aasgard, Asbjørn:	Skulesoge for Lindås

Ein del andre skriftlege kjelder:

Olav Dyrkolbotn:	Dagbøker, inkludert stridsdagbok 1940
Ivar Heltveit:	Liste over husdyr på Ostereidet og i nærområdet, udatert, truleg rundt 1935
Iver Heltvedt:	Forikringsoppgåve over husdyr 1879
Ibid:	Medlemsbok i Ostereides Forbrugs- & Handelsforening 1878-9
N.N.:	Liste over utlverte skot Ostereidet skyttarlag ca. 1935
Ivar Heltveit:	Rekneskapsbok for Heltveit rævegaard 1927-1936
N.N.:	Regnskap 1926 for sølvrevgarden på Totland

ll